



Sivert Kjærland - foto i Kvinnherad 3

I Linda Eide sitt program om Norske attraksjonar fekk vi går sjå eit innslag frå ei bygd med Myrmenn. På Kjærland i Uskedalen og Landa i Omvikedalen finn vi Myrmenn på 1880-talet og framover

Myrmenn var bønder som kjøpte eller bygsla verdlause eigedomar for å skaffa seg seg rimeleg matrikulert jord. På den måten skaffa dei seg røysterett. Det kunne vera myrar eller anna vassjuk jord.

Dette vart mykje nytta av venstrefolk på 1880 talet og fram til røysteretten vart utvida. I Uskedalen veit vi at dette vart gjort av to brukarar under bruk 6 på Kjærland, der Margun Eik og Anbjørn Høivik bur i dag.

Det hadde seg slik at Hans Johannesson fekk i 1894 skøyte frå Sivert Kjærland på Peratræ. Jon Torgerisson Fet fekk det same på Kalvatræ. Dette vart gjort pro forma for å skaffa seg røysterett ved Stortingsvala.

Dei to jordeigarane bygsla stykka vidare til to bygselmenn, som på det viset også fekk seg røysterett.

Men Sivert Kjærland hadde teke unna fyrstekjøpsrett og då skøyta og bygselbrevva hadde gjort si teneste, vart stykka skøyte attende til bruk 6.

Bygder med Myrmenn vart i NRK 1 i går kveld definert som ein attraksjon. Uskedalen har med dette fått ein ny (gamal) attraksjon.

Tekst: Kristian Olav Bringedal